

nr. 8 - 2013

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



© Snuffølk barnehage

Trude
Brendeland i
Fantasifantasten vil
fremje leik, humor
og livsglede i
barnehagen.

Ei ekte fantasiverd

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR



- Kvifor er kulturformidling for barn viktig?

Som vaksen er det vanskeleg å orientere seg i alt som kjem ut (og har kome ut dei siste 2000 åra) av litteratur, musikk, teater og andre kulturuttrykk. Og det er sjølvsagt ikkje enklare for born. Ein god formidlar inspirerer, utfordrar og overraskar.

Vi treng alle formidlarar som gjev oss nokre nøklar og tips og vegar inn i kulturen.

Utan formidlarar er det det kommer sielle som vinn. Då risikerer born å gå glipp av kunsten som treffer akkurat dei. Utan formidlarane mister vi mangfaldet.

Bjarte Bakken

Prosjektleder for Ungdommens kritikerpris og Uprisen i Foreningen !Les.

- Det handlar om å ikkje setje grenser for fantasien, men å legge til rette for at borna kan utvikle kreativiteten.

Trude Brendeland

- Eg er opptatt av å ta leiken og kreativiteten på alvor – og la det synest i alle rom,

seier Brendeland som driv bedrifta Fantasifantasten. Ho har sjølv lang erfaring som tilsett i barnehage og har etter kvart utvikla eit eige firma for å stimulere til meir kreativitet i kvardagen hjå dei minste. Ho

meiner det er viktig at dei vaksne i barnehagen veit kva rolle dei skal spele i leiken.

- Dei vaksne skal ikkje ta kontroll over leiken, men dei kan godt vere passasjerar og eller pasientar og hjelpe til i slike roller, slår ho fast.

Ta inn naturen

Brendeland er oppteken av å skape det kreative rommet for barnet, gi dei rammene der fantasien kan få fritt utspel. Det betyr at somme leiker av og til må vike plassen for andre material.

- Mitt beste råd er å sjå etter kva borna leikar med ute, og ta det inn. Borna kan ikkje berre ha plastleiker eller bilar på eit bilteppe, dei treng andre materialer for å sleppe kreativiteten laus. Ein plastbil er ein bil, medan ein stein kan vere både bil og mange andre ting. Det må vere noko å skape med, fortel Brendeland engasjert og viser til at det går godt an å ta inn mykje fint frå naturen og ikkje minst setje ekte gryter inn i leikekjøkkenet.

- Ta vekk ein del av plastikken og erstatt det med ekte ting, då blir leiken heilt annleis med ein gong, forsikrar ho.

Det handlar om å ikkje setje grenser for fantasien, men å legge til rette for at borna kan utvikle kreativiteten.





Kreative rom

I Fantasifanasten jobbar også Brendeland mykje med korleis romma i barnehagen kan utviklast til å bli gode, kreative rom.

— Eg ser mange fattige rom i barnehagane, som ikkje skaper så mykje. Store, opne rom er ikkje gunstige, born vil gjerne leike i krokar og krinklar.

— Rommet må invitere til å skape noko. Målet er at boma tenkjer: kva forteljingar kan eg lage av det eg ser her.

Ho har gitt ut fleire bøker om livet i barnehagen, både om samlingsstunda og om korleis ein kan skape eit levande språkmiljø for dei minste. Begge bøkene har også gitt grunnlag for ei kursrekke som Brendeland reiser rundt med i barnehagane.

No kjem også boka om lekelyst, om å forstå leiken og om å skape best mogleg vilkår for den. Også dette er i dag eit av kurstillboda hjå Brendeland. På nettsidene sine legg også Brendeland ut gode tips til korleis ein kan skape ein meir kreativ kvardag i barnehagen. Her viser ho korleis barnehagane blant anna kan lage den kreative mattelekeskogen, språkleik med mysterieboks og kreative idear til bilkroken.

— Det er noko heilt spesielt med å skape ting sjølv, eg vil at borna skal sjå gleda i det og ikkje minst gleda i å lage noko ein kan gi vekk. Det ligg mykje omsorg i det. Det er viktig at me ikkje berre kjøper alt.

Forteljinga skaper språk

Småfolk barnehage i Etne arbeider spesielt med å skape dei gode historiene. Denne hausten hadde den private barnehagen Fantasifanasten inne for å sjå på korleis ein kan gjere rommet om til den tredje pedagogen.

— Målet vårt er at rommet skal fungere som den forlengta armen til dei tilsette. Det er viktig for oss at borna har rom der dei kan skape egne forteljingar. Me lærte blant anna å tenkje over kva material me brukar, at me kan ta inn meir frå naturen enn me kanskje har gjort før, seier dagleg leiar Anette Lauareid Hovda.

— Me har framleis ferdigleiker som duplo og togbane, men no har me supplert med meir naturlege ting også.

Og effekten av å tilpasse romma meir kreativt lot ikkje vente på seg

— Borna kjem raskare i gang med leiken no, det er mindre springing og herjing. Og dei leikar både rolegare og lenger enn før, seier Hovda og viser til at det er ein sterk samanheng mellom å stimulere kreativiteten og å arbeide bevisst med historier og forteljingar. Det handlar om å skape rom for forteljing.

— Forteljinga er den raude tråden gjennom alt arbeid hjå oss. Det er så viktig at me formidlar den munnlege kulturarven vidare til borna, det har mykje å seie for både sosialkompetanse og språkkompetanse.

— Og borna frydar seg når dei vaksne fortel historier frå eige liv, eller diktar opp gode forteljingar.

Også Trude Brendeland meiner samanhengen mellom kreativ leik, forteljingar og språk er viktig.

— Borna brukar meir språk etter kvart som dei leikar meir. Det er viktig å sjå kva borna er opptekne av, og å bruke det i språkstiumleringa.

Smokkefeen Tutta

Av: An-Magritt Lindtner
Illustrert av Jens Kristensen

Alle har høyrte om tannfeen som kjem når ei jente eller ein gut mister ei tann, men visste du at ho har ein bestevenn? Nemleg Tutta, som er smokkefe. Ho kan ikkje få nok av smokkar — i alle fargar og fasongar. Ein veit aldri når Tutta dukkar opp, berre at ho kjem når ingen er heime. Då flyg ho mellom husa for å samle tuttar i ein stor sekk. Sjølv bur ho i eit stort slott — som sjølsagt er laga av tuttar.

I denne boka møter me vesle Thea, som også er veldig glad i smokkar. Ho har mange smokkar i alle fargar og er veldig glad for at Tutta ikkje har oppdaga dei ennå. Men ein dag reiser Thea og familien på ferie til Frankrike, og då ho kjem heim att, har Tutta vore på besøk ...



Alle barn som er glade i smokken sin, veit kor vanskeleg det er å gje han frå seg. For mange kan historia om Tutta, som bur i eit slott laga av smokkar, vere motiverande for å gje frå seg den trøystande vennen. Kanskje denne boka

kan hjelpe fleire foreldre som slit med å overtale dei små?

Boka om Tutta er både eventyrlig, litt mystisk og fantasifull. Ho er fargerik, og det grove, litt tjukke papiret gjer boka lett å bla i. Teikningane er eventyrtaktige og litt drøymande. Samspelet mellom tekst og bilete er dessutan godt og gjer handlinga lett å fylgje med i.

Judith Sørhus Litlehamar

Monsterboka

Skald 2013

Dette er den fjerde boka i serien der Godnattboka, Eventyrboka og Trøysteboka er gjevne ut tidlegare. I denne boka skriv forfattarane om monster i alle fasongar. Her finn me både store og små monster, slemme og snille, tøffe og mindre tøffe monster.

Mange forfattarar medverkar til denne rause og omfattande samlinga av nye nynorske tekstar. Her kan du lese tekstar av mellom andre Tor Arve Røssland, Kari Smeland, Laura Djupvik, Terje Hellesen, Ingelin Røssland, Helga Gunerius Eriksen og Atle Berge.



Dette er ei humoristisk og fin samling som tek deg som lesar med inn i ei ekte fantasiverd. Her møter me ulukketrollet, det vesle monsteret som er heilt blått, bassengmonsteret og juletrollet.

Boka og forteljingane gjev oss eit nært forhold til monster og troll, kanskje blir dei òg litt meir ufarleggjorde? Forteljingane viser oss at til og med eit monster kan vere usikkert, snilt og ikkje alltid like tøft.

Illustrasjonane til Gunvor Rasmussen er akkurat så skremmande og fargerike som ekte monster bør vere.

Judith Sørhus Litlehamar



Per Gynt og Peer Gynt i barnehagen

I august 2013 starta dei kommunale barnehagane i Nord-Fron kommune (Oppland) eit prosjekt med namnet Per/Peer Gynt. Henrik Ibsens Peer Gynt (1867) er velkjend frå teaterscener over heile verda, og tematikken i dette store diktverket er stadig aktuelt.



TORILL SPERRE ER:
FØRSKULELÆRAR/
FAGLEG RETTLEIAR OG
KULTURARBEIDAR.

Men kven er Per Gynt, som barnehagebarna i Nord-Fron også skal verte kjend med? Innan eg gjer greie for det, skal eg greie ut kvifor Peer Gynt tyder så mykje lokalt i kommunen og i heile regionen. Kvart år sidan 1989 har Peer Gynt vore framført på utescena ved Gålåvatnet, med ein profesjonell stab av skodespelarar, regissør, musikarar med fleire. Talet på publikum gjennom desse 25 åra er om lag 250 000!

Kvart år har dessutan fleire hundre frivillige stilt opp som aktørar på scena og i ei rekke andre funksjonar. Peer Gynt ved Gålåvatnet med Edvard Griegs musikk har vorte ein stor og sentral del av regionen sin kulturelle identitet. Dette engasjementet har også aktualisert den lokale Per Gynt, som seiast å vere ein av Ibsen sine modellar då han skapte sin Peer Gynt. Dette skriv Ibsen også om i brev til

forleggjaren sin. Det er eit faktum at Henrik Ibsen i 1864 var på reise i Gudbrandsdalen og kom i kontakt med mange lokale forteljarar i fleire bygder og miljø.

Men attende til barnehagane og deira prosjekt i 2013. Mange historiske kjelder har omtala Peder Olsson Hage (på folkemunne kalla Per Gynt), som modell for den litterære Peer. Per Gynt eigde garden Hågå i Nord-Fron. Mange myter og segn er nedskrivne og brakte vidare gjennom munnleg forteljartradisjon. Per Gynt-segnene er kjend for mange, men har i mindre grad vorte ført vidare til dei som veks opp i dag, til dømes til barn i barnehagane. Prosjektet har naturleg nok teke litt ulike vegar i den einskilde barnehagen, men dei lokale Per Gynt-segnene er sentrale. Ved sidan av å vere eit spanande prosjektarbeid med mange barnehagefaglege kvalitetar har dette arbeidet mykje å seie ut frå eit lokalkulturperspektiv, og for formidling av munnleg forteljartradisjon.

For Per og Peer si verd er ei spanande verd, også for barn. Segnene ber preg av si tid og trua på skrømt og underjordiske, her er troll, tussar og huldrer. Seinhaustes 2013 og våren 2014, skal alle barnehagane ha utstillingar. Det er grunn til å tru at dei lokale Per Gynt-segnene vil leve vidare, og at desse barna kan hende ein gong vil finne fram til den litterære Peer Gynt.

for deg som jobbar med barn

facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no